

På Viking-kamp der Furdal storspela.

25.11.2019



På Viking-kamp med bestefar.

Søndag spela Viking sin siste heimekamp for sesongen då dei møtte Rosenborg, og blant dei 13.500 på tribunen var 87 år gamle Bjørgulv Eik som har vore Viking-patriot i rundt 70 år, saman med dottera Kjellrun og barnebarna Ingrid og Eirik. [Som vi tidlegare har skrive](#), var han invitert som gjest på kampen.



Lars Johan Myklebust i Viking tok seg svært godt av dei besøkjande. Legg merke til at drakt nr.87 er klar.

Tidleg søndag morgon hadde Bjørgulv pakka Viking-drakta si med nr.87 på ryggen, og sette kursen mot Stavanger saman med dottera Kjellrun Eik og barnebarna Ingrid og Eirik. Bjørgulv fortel at dei vart møtt av uskedelingen Lars Johan Myklebust, og han tok seg svært godt av dei.

-Før kampen var vi på omvisning. Lars Johan tok seg svært så godt av oss. Vi fekk med oss alt. Vi var på kontora, i spelargarderoben og på matta. Servering fekk vi alt vi kunne eta og drikke. Vi sat også berre nokre meter frå trenarane Bjarne Berntsen og Eirik Horneland då dei snakka til sponsorane som hadde julemiddag før kampen, fortel ein svært fornøgd Bjørgulv som legg til at dei fekk helsa på mange kjende ansikt i Viking-apparatet og nemner både marknadssjef Kjartan Salvesen og dagleg leiar Eirik Henningsen.

Kampen vart også av det spennande slaget med god underhaldningsverdi. Den fekk seksar på terningen på VG-børsen. For Bjørgulv og følgjet hans var det ekstra kjekt at Johnny Furdal storspelte og verkeleg sette sitt preg på kampen.

-Han scora jo det første målet og hadde ein flott pasning på det andre, beskriv han innsatsen til omvikedelingen i kampen som enda uavgjort 2 – 2.

Han synes òg det var kjekt at det vart gjort stas på veteranen André Danielsen som spelte sin siste heimekamp, og no er oppe i 553 Viking-kampar. Dermed toppar han lista og har gått forbi Bjørgulv sin favorittspelar Svein Kvia som hadde 551 kampar for laget.

-Eg må sei eg er imponert av det store apparatet som var i sving rundt laget og kampen. Mottakinga var heilt super, og det vart eit veldig kjekt minne, avsluttar den 87-årige Viking-tilhengaren som også var fornøgd med resultatet. Uavgjort mot Rosenborg vert nok av dei fleste lag nærast rekna som ein siger.

-Det var ein jamn og spennande kamp som kunne ha bikka begge veier.



Lars Johan, Bjørgulv, Eirik og Ingrid hadde ein super dag på søndag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kjellrun Eik